



Magne Hope AS Entreprenørforretning
Litlåsvegen 197
5954 MONGSTAD

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8912 - 20/55599

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
08.09.2020

Igangsetjingsløyve for resterande arbeid - gbnr 10/16 Rødland

Administrativt vedtak: Saknr: 911/20
Tiltakshavar: Jan Rune Hosøy
Ansvarleg søkjar: Magne Hope AS Entreprenørforretning
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd, vert det gjeve igangsetjingsløyve for etablering av kaiområdet f_SK2, naustområdet BUN2 og område BKF1 for rorbuer på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve datert 07.07.2020 med vilkår gjeld for tiltaket.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for resten av tiltaket. Det vil seia kaiområdet f_SK2, naustområdet BUN2 og område BKF1 for rorbuer.

Kommunen har i vedtak datert 07.07.2020 gitt rammeløyve og igangsetjingsløyve for delar av tiltaket, dvs. riving av naust/sjøbu med bygningsnummer 176 334 983 og driftsbygning fangst/fiske med bygningsnummer 176 302 712 i område BFK1, og bygging av veg f_SV1, del av f-SV2, f-SV5, og parkeringsplass SPA1.

Det vert elles vist til søknad mottatt 6.08.2020, og supplerande dokumentasjon mottatt 07.09.2020 og 08.09.2020.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming 08.09.2020 og frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato.

VURDERING

Vilkår sett i rammeløyvet med delvis igangsetjingsløyve for arbeidet datert 07.07.2020, er vurdert oppfylt. Søkjar opplyser at gangveg med universell tilkomst som skal etablerast over

området BFK1 ikkje vil bli etablert i denne omgang, men vil bli søkt etablert saman med oppføring av rorbuer på området.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Ansvarsrettar og tiltaksklasse går fram av oppdatert gjennomføringsplan mottatt 08.09.2020.

Aktuelt regelverk

- Igangsetting av tiltak med ansvarsrett krev søknad etter pbl §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.
- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) § 7-1, jf. § 7-1 første ledd bokstav b).
- Grunnlag for ansvarsrett som sjølvbyggjar går fram av SAK § 6-8.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/8912

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
Jan Rune Hosøy	Heltveitvegen 9	5993	OSTEREIDET
Magne Hope AS Entreprenørforretning	Litlåsvegen 197	5954	MONGSTAD

Mottakarar:

Magne Hope AS Entreprenørforretning	Litlåsvegen 197	5954	MONGSTAD
--	-----------------	------	----------